

Lindås vil ha skattane heime

I Lindås er det ikkje stemming for å sleppa kulturskattar ut av kommunen. Interesse for eit fellesmagasin på Sletta på Radøy er heller låg.

JOHN LINDEBOTTEN
john.lindebotten@bt.no

Leiar i Lindås sogelag, Jan B. Thorsheim, er ein ihuga talsmann for å ta vare på kommunen sine kulturskattar i Knarvik, som er kommunesenteret i Lindås og samstundes regionsenter for Nordhordland. Sogelaget driv Strilemuseet, som er største samlinga i sitt slag i Nordhordland. Museet held til i den tidlegare meieribygningen på Seim, men Thorsheim vil helst flytta heile museet til Knarvik.

Levekårsutvalet i Lindås kommune handsama tysdag forslag til kulturminneplan, og vedtok å senda han ut på høyring. Leiareren i utvalet, May Eva Sandvik (H), har sans for Jan B. Thorsheim sine synspunkt.

Identitet

– Det er viktig å ta vare på sogelaget sine samlingar på ein skikkeleg måte, og vi har sjølvsgagt lyst til å oppbevare dei i vår eigen kommune. Det har litt med identiteten vår å gjera, seier May Eva Sandvik til BT.



STOR STAS: Strilemuseet har halde til i den gamle meieribygningen på Seim sidan januar 2005, etter at dei måtte flytta frå leigde lokale i Knarvik. Biletet er frå opninga etter innflyttinga på Seim 1. januar. I framgrunnen står Sissel-Anny Hjeltnet, som då var leiar i Lindås sogelag. Ho svingar matklokka på den tidlegare fjordabåten «Seimsstrand».

ARKIVFOTO: KNUT STRAND

fakta bevaring av kulturminne

- Kommunane i Nordhordland er samde om at dei snarast treng eit sentralt magasin for oppbevaring av kulturskattar.
- Kravet er sett fram i Regionsrådet si fråsegn til Museumsplanen for Hordaland.
- Museumsenteret i Hordaland tilbyr Nordhordland deltaking i eit stort fellesmagasin i samband med eit visingsbygg ved Vestnorsk utvandringsenter på Sletta.
- Museumsenteret ønskjer svar innan juni.

Måndag kom det fram i BT at Museumsenteret for Hordaland på Salhus, innbyr kommunane i Nordhordland til å vera med på eit 500 m² stort fellesmagasin for kulturgjenstandar ved Vestnorsk utvandringsenter på Sletta på Radøy. Magasinet skal byggjast i tilknytning til eit stort visingsbygg der m.a. Sjø-

Neste møte i Levekårsutvalet er 23. august. Deretter kan planen vedtakast av det siste kommunestyremøtet før valet. Før den tid kan ikkje Lindås kommune gje noko svar på deltaking i fellesmagasinet på Sletta, seier May Eva Sandvik.

MORRIS.NO

KJØP
FOR 500,-
OG FÅ
100,-
RABATT*

*Gjelder ikke på Samsonite
Xhibition, tlf 55964100, Strandgt 21, tlf 55 90 12 00, Vestkanten, tlf 55 26 48 02.
Laguneveien 1, tlf 55 52 30 50.
Tilbudet gjelder på ord pris tom 14/5.

MORRIS

Naturleg med Knarvik

Varaordførar i Lindås, Bjarte Vatnøy (FrP), meiner at kulturskattane bør takast vare på i regionsenteret. Det gjeld både eit framtidig museum og magasin for forsvarleg lagring. – Opplegget på Sletta er av ein annan type. Det handlar om utvanding. Utstilling og oppbevaring av kulturskattar som viser korleis folk levde i Nordhordland i gamle dagar, høyrer naturleg heime i regionsenteret. Og kanskje er Knarvik om nokre år også senteret i ein stor kommune, seier Bjarte Vatnøy.

Dermed spørst det om Atle Ove Martinussen får det svaret han etterlyser frå Nordhordland. Ut frå folketallet er Lindås kommune like stor som alle dei andre kommunane nordombrunne til saman. Det betyr at Lindås sitt svar er viktig for dei andre. Bygginga av magasinet på Sletta betyr at kommunane må bidra økonomisk.

Må ha det

Det betyr i så fall at kommunane i Nordhordland må gå ein eller fleire rundar med seg sjølve for å avgjera kor dei vil etablere eit magasin for kulturgjenstandar. For dei er samde om at noko slikt er dei nøyddde til å få. Eit sentralt magasin er mellom dei viktigaste krava frå nordhordlandskommunane i høyringsrunden til Museumsplanen for Hordaland 2011–2015. Særleg tekstilar, som bunader og åkle, er avhengige av magasin med kontroll av temperatur, fukt, insekt og mikroorganismar.

manskrykja sine samlingar skal oppbevarast og stillast ut. Tilbodet frå Museumsenteret, ved direktør Atle Ove Martinussen, medfører at magasin delen vert utvida frå planlagde 108 m² til 400 eller kanskje heilt opp til 500 m².

Ikkje svar i juni

Men Martinussen må ha svar frå kommunane i Nordhordland innan juni i år for å få kumma omarbeida planane utan å risikera at løyvde middel til prosjektet går tapt. Tilbodet skal opp på styremøte i Regionsrådet for Nordhordland 13. mai. May Eva Sandvik seier til BT at Lindås ikkje kan gje svar så tidleg.

– Vi har lagt eit løp for behandling av kulturminneplanen. Høyringsfristen går ut 1. juli.